

Sveio MDG

UTDRAG AV LOKALE SAKER 2015-2019



Fullstendig program finnes på sveio.mdg.no

EIT GRØNARE SVEIO - MDG i Sveio vil:

- At innbyggjarar må kome før utbyggjarar.
- Verne strandsona og unngå dispensasjonar.
- Arbeide for ein kommune med ein økologisk og bærekraftig profil.
- Arbeide for meir direkte kontakt mellom innbyggjarar og beslutningstakar gjennom debatt og diskusjonsarenaer.
- Arbeide for at kommande anlegg (t.d. Vikingparken) har ein grøn profil.
- Gjenopprette ein miljøvernleiar i kommunen.

ENERGI OG KLIMA - MDG i Sveio vil:

- Stille strenge krav for utbygging av nye område, med omsyn til landskap, eksisterande bebyggelse og lokale værforhold.
- Utfasing av all fossil brensel i eigne bygg. Byggje opp igjen biobrenselanlegget på Sveio, og leggje til rette for utvida bruk.
- Utvikle energispareplan for alle kommunale bygg.
- Arbeide for at kildesortering av plast også skal inngå i kommunens avfallsrutinar.

SAMFERDSLE - MDG i Sveio vil:

- Arbeide for sykkel- og gangstiar i heile Sveio. Det er behov for samanhengande sykkelstiar langs E 39 og R 47, og inn til alle skular og samfunnshus. Ved utbygging i nye område må det vera krav om tilrettelegging for sykklistar og fotgjengarar heilt frå starten.
- At inntekter frå lokale bompengeprojekt i større grad skal brukast til sykkelstiar og styrka kollektivtilbod, heller enn nye vegar.
- At det blir gratis å ta med sykkel på alle bussar i vårt distrikt.
- At alle nye tenestebilar er elektriske i den grad det er mogeleg.

ØKONOMI - MDG i Sveio vil:

- Plassere kommunen sine investeringar i grønne fond, fornybar teknologi, og grønt næringsliv, og unngå plassering i fond som investerer i olje, gass og kol.
- At korkje kommune eller fylkeskommune skal plassera kapital i spekulativ finansverksemd.
- Avgrensa offentleg låneopptak, då dette både stimulerer forbruk og legg større byrder på framtidige generasjonar.

NÆRINGS LIV - MDG i Sveio vil:

- Ha mål for nye grønne arbeidsplasser og etablering av miljøvenleg næringsliv.
- Gjere det attraktivt for bedrifter med lokalt eigarskap å etablere seg i Sveio.
- Arbeide for regional koordinering og samarbeid blant kommunale einingar og bedrifter.
- Kartlegge tomme eigedomar som kan brukast til bustad eller næring.

- Dreie offentlege innkjøp frå billegaste løysingar til løysingar som er best for framtida.
- Erstatte ufrivillig deltid i kommunal sektor med tilbod om heiltid.
- Ha forsøk med sekstimersdag i kommunen.

LANDBRUK OG HAVBRUK - MDG i Sveio vil:

- Auke sjølvforsyning av poteter, frukt, grønnsaker, mjølk, kjøt og egg i Sveio.
- Arbeide for ein nullvisjon for nedbygging av matjord.
- Arbeide for systematisk og auka bruk av lokale utmarksbeiteressursar.
- Leggje til rette for meir andelslandbruk, kolonihager, parsell- og skulehagar, samt andre former for matproduksjon i Sveio.
- Jobbe for at dyrka mark i Sveio sentrum blir brukt til produksjon av mat som kan omsetjast lokalt.
- Stille strengare krav til oppdrettsnæringa, og at det ikkje blir gitt nye konsesjonar før miljøutfordringane er løyst.
- At havbruket må skatte lokalt.
- Legge til rette for fisketorgdag med sal av fisk direkte frå lokale fiskarar.

OPPVEKST - MDG i Sveio vil:

- Sikra godt samarbeid mellom helsestasjon, lege, psykolog og PP-tenesta, og arbeide for betrakteleg raskare saksgong i PPT.
- At samarbeidet mellom kommunen, psykiatrien og andre relevante instansar vert styrka.
- At også pårørande til barn med særskilde behov må få tilbod om hjelp.
- Sikre at kommunen har tiltak for å fanga opp og hjelpa barn der foreldre slit med psykiske problem.
- Sikre at tiltak som er gjort ikkje fell bort på bakgrunn av økonomi.
- Arbeide for å opprette ein rusfri samlingstad med tilbod for ungdom mellom 16 og 20 år. Utvida "House of fun" til å vera to gonger i månaden.

BARNEHAGE - MDG i Sveio vil:

- At kommunen må ha minimum to barnehageopptak i året, og løpande opptak av eittåringar.
- Videreføre ordninga med spesialpedagogisk team.
- Sikre konkrete og rettvise rammer for tilskotsgjeving for private barnehagar.
- Arbeide for fleire mannlege tilsette i barnehagar.

SKULE - MDG i Sveio vil:

- Krevje trygge skuleveggar for alle elevar.
- Ha kjeldesortering i aktiv bruk av alle i skulane.
- Opprette skulehagar med tilgang for skulane i Sveio.
- Arbeida for at det er ein tilsett vaktmester på kvar skule. Stillinga kan fungere som kombinert vaktmester- og miljøarbeiderstilling i lag med elevane.
- At symjebassenget skal vere fylt opp heile skuleåret, og at symjeopplæringa skal vere lik i mengde for alle elevane i Sveio kommune.

HELSE OG OMSORG - MDG i Sveio vil:

- Sikre permanent plass på sjukeheimen for trengande.
- Leggje til rette for at eldre som er friske nok til det, kan bu heime.
- Bruke pårørande som ein ressurs i arbeidet med pleie, rehabilitering og habilitering.
- Leggje vekt på førebyggjande helsearbeid ved å styrkje barnevernet og helsesøstertenester.
- Arbeide for å få laga ein sansehage tilknytta aldersheimen og sikre meningsfulle aktivitetar og kontakt med samfunnet for pasientar i institusjonar.

SOSIALPOLITIKK OG INTEGRERING - MDG i Sveio vil:

- Gi betre tilbod til innvandrarak som har flykta frå krig og vald.
- Arbeida for å finna gode løysingar på utfordringar ved språkvanskar og kulturelle skilnader.
- Auke løyvingane til startlån.

NATURVERN - MDG i Sveio vil:

- Auka vern av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar i tråd med vitenskapelege anbefalingar. 15 % vern av kvar naturtype er eit minstekrav.
- Ha strenge retningslinjer for å unngå spreiding av miljøgifter, framande artar eller sjukdomsskapande organismar til vann og natur.
- Unngå bruk av plantegifter. Dette gjelder ikkje berre i landbruket, men også i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar.
- Avvise alle søknadar om pelsfarmar i kommunen.
- Sikre vern av områder som husar truga artar.
- At eventuelle vindmølleparkar ikkje skal komme i vegen for naturmangfald, dyreliv, friluftsliv og rekreasjon, og det skal tas omsyn til lokalbefolkningen med tanke på lyd- og synsforureining. MDG vil i staden satse på havvindkraft og opprusting av eksisterande vasskraftverk.

KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV - MDG i Sveio vil:

- Stø opp om kulturtilbod som Den kulturelle skulesekken og Riksteateret.
- Skape forutsigbar økonomi for Kulturskulen i Sveio.
- Innføre lokal tilskotsordning til privat kulturminnevern.
- Arbeide for bygging av nytt symjebasseng.
- Leggje til rette for tiltak som kan stimulere til meir ikkje-organisert idrett, friluftsliv og kulturliv. T.d. skateboard, fotball og leik i nærmiljøet, turar i naturen.
- Kartleggje høve for å gje fleire område vernestatus som friområde.
- Sjå på tiltak som kan stimulere til meir ikkje-organisert idrett, friluftsliv og kulturliv.
- Styrka arbeidet med turstiar med kommunale midlar til dei frivillige laga som gjer dette arbeidet.
- Opparbeide eigna stiar for tilgong med barnevogn/rullestol.